



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/543 - 23/21690

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
17.03.2023

Vedtak til klagevurdering - gbnr 59/11 tilbygg til hytte Bergfjord

Tiltak: dispensasjon frå sjø
Byggjestad: Gbnr: 59/11
Tiltakshavar: Arne Johannes Takvam
Ansvarleg søkjar: Arne Johannes Takvam

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 17.03.23, der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert gjeve dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 59/11 Bergfjord. Vedtaket er hjemlet i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 1-8.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for klagevurdering.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING


Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona for oppføring av tilbygg til fritidsbustad med bruksareal på ca. 12 m². Tiltaket krev ikkje byggesøknad etter PBL etter dispensasjon er handsama, men det skal meldast inn at tilbygget er oppført på eget skjema til matrikkelføringa i kommunen.

Det vert elles vist til søknad mottaken 17.01.23.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Bergfjord campingplass med nr. 1263-22062000 er definert til fritidsføremål. Tillatt grad av utnytting i denne planen er 65 m² BTA.



I samsvar med kommunedelplanen sin arealdel for Lindås kommune kjem supplement frå KDP føresegn i tillegg til reguleringsplanen. Tiltaka ligg i strid med byggegrensa mot sjø. I KDP ligg tiltaket i fritidsbustad byggjeområde og ligg i omsynssone H_570_OK06 bevaring kulturmiljø Indre farlei.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon - gbnr 59/11 tilbygg til fritidsbustad Bergfjord

1. Søknad om dispensasjon fra lov om bygging innenfor 100 meters beltet
2. Situasjonsskart Festevegen 255
3. Snittegning fasade nord og sør
4. Snittegning fasade øst vest og kjeller

Søknad om dispensasjon for tiltak innenfor 100-meters beltet - gbnr 59/11 Bergfjord

Kopi til:

Arne Johannes Takvam	Dalemarka 125	5918	FREKHAUG
----------------------	---------------	------	----------

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------